



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostane, biskopane og bispedømekontora

## Temagudstenester hausten 2017

31. oktober 2017 er det 500 år sidan Martin Luther offentleggjorde dei 95 tesane sine mot kommersialisering av avlat. Dette blir rekna som starten på det som utvikla seg til den lutherske reformasjonen. I 2017 vil lutherske kyrkjer og andre kyrkjesamfunn over heile verda markere hendinga på ulike måtar.

Saman med andre lutherske kyrkjer i alle verdsdelar har Den norske kyrkja valt å setje søkelys på tema som er svært sentrale for kyrkjene i dag: Hovudtema er «*Nåde*», med tre undertema: «*Frelsa er ikkje til sals*», «*Menneske er ikkje til sals*» og «*Skaparverket er ikkje til sals*».

For å få til ei markering av reformasjonsjubileet som både er landsdekkjande og samtidig heilt lokal, har hovudkomiteen for jubileet under leiing av preses Helga Haugland Byfuglien teke initiativ til at det skal haldast fire temagudsteneste i alle kyrkjelydar hausten 2017. Dette er så endelig vedteke av Kyrkjerådet. Det er vedteke eigne bibeltekster for desse gudstenestene, som erstattar dei faste tekstene frå 1. rekke. Det vil bli utarbeidd ressursmateriale til gudstenestene, for å gi hjelp til førebuinga. Det vil òg bli utarbeidd studiemateriell til bruk i grupper (bibelgrupper, samtalegrupper osv.) der ein kan arbeide med temaa i forkant av gudstenestene.

Kyrkjelydar som ikkje har gudsteneste kvar søndag, og som ikkje har høve til å gjennomføre dei fire temagudstenestene, må sjølv finne ut kva for nokre av gudstenestene dei har høve til å gjennomføre. Det er opp til den einskilte kyrkjelyden å finne ei løysning som fungerer godt.

Dei fire gudstenestene blir som følgjer:

### **27. august 2017**

12. søndag i treeiningstida

Tema: *Nåden aleine*

Sal 116,1–9

Luk 15,11–32

Ef 2,1–10 (preiketekst)

### **17. september 2017**

15. søndag i treeiningstida

Tema: *Skaparverket er ikkje til sals*

Salme 33,1–9

2 Pet 1,5–9

Matt 7,24–28 (preiketekst)

**15. oktober 2017**

19. søndag i treeiningstida

Tema: *Frelsa er ikkje til sals*

Jes 55,1–3

Apg 8,4–24

Luk 20,45–21,4 (preiketekst)

**19. november 2017**

24. søndag i treeiningstida

Tema: *Menneske er ikkje til sals*

Sal 8,2–10

Fil 2,3–11

Matt 18,1–6.10–14 (preiketekst)

**Reformasjonsdagen 2017**

På sjølve reformasjonsdagen, tysdag 31. oktober 2017, blir det ei nasjonal økumenisk gudsteneste i Nidarosdomen. Men dagen er òg eit høve til å lage gudstenester i dei andre domkyrkjene og i lokale kyrkjer. Det er dei faste bibeltekstene for Reformasjonsdagen som skal bukast, men biskopane rår til å bruke Rom 1,16–17 som preiketekst dette året.

I kyrkjelydar som ikkje har gudsteneste på reformasjonsdagen, er det høve til å skifte ut tekstene søndag 29. oktober 2017 (tekstene frå 1. rekke for Bots- og bøneda) med tekstene for reformasjonsdagen, men det blir tilrådd å bruke Rom 1,16-17 som preiketekst. Det er opp til kvar einskilt kyrkjelyd å avgjere om dei vil markere denne søndagen som Bots- og bøneda eller som Reformasjonsdag.

**Særskilde preiketekster kyrkjeåret 2016–2017**

Det er tidlegare vedteke særskilde preiketekstar for kyrkjeåret 2016–2017.

Dei vedtekte særskilde preiketekstene for adventstida 2016 og vårhalvåret 2017 står ved lag:


3. søndag i adventstida (11. desember 2016): Jes 35,1-10


Fastelavnssøndag (26. februar 2017): 1 Kor 13,1-7

5. søndag i treeiningstida (9. juli 2017): Jer 23,16-24

Dei særskilde tekstene som tidlegare var vedtekte for 9., 15. og 20. søndag i treeiningstida 2017, fell bort, slik at det desse søndagane blir preika over dei faste tekstene frå 1. rekke, med unnatak av 15. søndag i treeiningstida, da det blir temagudsteneste.

Oslo, 18.01.2016

  
Jens-Petter Johnsen  
direktør

  
Paul Erik Wirgenes  
avdelingsdirektør